



Kjell Atle Ulvatn
Tuftamyra 3 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3871 - 21/35565

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2021

Løyve til etablering av minirenseanlegg - gbnr 454/1 Ulvatn

Administrativt vedtak: Saknr: 612/21
Tiltakshavar: Kjell Atle Ulvatn
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit trinn for etablering av minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.04.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett. Det skal etablerast minirenseanlegg av typen Biovac FD10N GUP. Det vert vist til søknad mottatt 30.04.2021 og supplert 03.06.2021.

Historikk

I tidlegare Radøy kommune vart det i sak 258/12, datert 05.11.2012 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for utslepp av sanitært avløpsvatn frå minirenseanlegg.

Etablering av avløpsanlegg krev godkjenning etter Plan- og bygningslova § 20-1a.

§ 20-1. Tiltak som omfattes av byggesaksbestemmelsene

Følgende tiltak omfattes av byggesaksbestemmelsene i denne lov:

a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg

Ved etablering av anlegget i 2012 vart det ikkje søkt om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova.

Det er no søkt om legalisering av arbeida som vart utført i 2013. Det ligg føre søknad om løyve til tiltak datert 28.04.2021 frå ansvarleg føretak Lindås Rør- og sanitær as.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.06.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Delar av eigedomen ligg innanfor sikringssone H110 nedslagsfelt for drikkevatt.

Skjønn/overskjønn

Eigedomen er ein del av skjønn Ulvatn datert 07.07.1972. I dette skjønnet er det mellom anna tatt inn følgjande klausulering:

«Bruket har to våningshus, eit gammelt og et nytt. I det nye er innlagt vann, WC og bad. Saksøkte får ikke anledning til innlegge bad og WC i det gamle huset.»

Det er gjort eit overskjønn Ulvatn datert 21.05.1973 med følgjande ordlyd:

«Når det gjelder anlegg av bad i hus hvor dette tidligere ikke har vært inn, har kommunen for overskjønnsretten gitt uttrykk for at man vil tillate dette. Derimot opprettholdes forbudet mot nyinnstallering av vannklosetter der hvor det ikke tidligere fantes i vedkommende hus.»

Dispensasjon

Det er kommunens vurdering at tiltaket kan etablerast utan dispensasjon, minireinseanlegget vert utført som eit skjult anlegg utan vesentlege terrengingrep. Avrenning frå minireinseanlegget er ført i tett leidning ut av nedslagsfeltet/sikringssona gjennom borehol fram til Høljarmyrane i sørvestleg retning.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med Plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.04.2021.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom på gbnr. 454/1. Utsleppsleidningen er lagt over eigedom 454/2 fram til utsleppestad.

Det ligg føre følgjande «Erklæring om rettighet i fast eigedom» datert 13.03.2013:

Gnr 54, bnr 2 gir herved gnr 54, bnr 1 og gnr 54, bnr 19 i Radøy kommune rettighet til å slippe ut overvann fra renseanlegg på område merket i vedlagt kart. Rettigheten er ugjenkallelig og kan tinglyses av begge parter.

Terrenghandsaming

Der er ikkje søkt om terrengendringar. Det vert lagt til grunn at etablering av reinseanlegg vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING:

Skjønns/overskjønns

Det går fram av skjønnsvedtaket frå 07.07.1972 at bruket har to våningshus, eit gammalt og eit nytt. I det nye våningshuset er det innlagt vann, WC og bad. Saksøkte får ikkje anledning til å innlegge bad og WC i det gamle huset.

Bustadar som har «do bøtte» kan behalde denne, men det må då støypast betonggolv i toalettrommet.

I overskjønnet datert 21.05.1973 er det avgjort at det kan etablerast bad, men ikkje vassklosett.

Situasjonen rundt eigedomen vart endra i 1989 få det nye våningshuset var utskilt frå bruket og oppretta som einbustad med gbnr. 454/19. Det er såleis no berre eit våningshuset (gamlehuset) igjen på bruket.

Alver kommune vurderer at skjønnet er gjort ut frå den reinseteknologien som var tilgjengeleg på 70-talet med slamavskiljar og sandfiltergrøft. Nemninga vassklosett er knytt til den tidas tilgjengelege reinseløysing for slik type avløp.

Kommunen har vurdert nytten av dagens reinseteknologi og moglegheita til å kunne føre avløpsvatn ut av nedslagsfeltet. Samstundes vert det sett til to liknande saker på gbnr. 455/2 og 455/4 der kommunen har godkjent tilsvarande løysing med minireinseanlegg og borehol ut av nedslagsfeltet. Dette er løysingar som var etablert i 2002 og i 2010.

På grunnlag av ei heilskapsvurdering meiner Alver kommune at den omsøkte løysinga kan godkjennast slik den ligg føre. Kommunen har då særleg lagt vekt på at dagens reinseteknologi gjer at det ikkje er noko risiko knytt til drikkevasskjelda ved å velja denne løysinga.

Eit minireinseanlegg skal til ei kvar tid ha serviceavtale med godkjent firma, anlegget vil såleis ha tilsyn to gongar årleg. Eit avvik knytt til eit slikt anlegg vil raskt verte fanga opp. I tillegg til det vil avløpsvatnet verta ført ut av nedslagsfeltet for Ulvatnet.

Resultatet av etablering av denne løysinga gjer at eit våningshus som er i bruk får ei moderne og trygg avløpsløysing som ikkje vil påverka drikkevasskjelda.

Plassering

Det er kommunens vurdering at tiltaket kan godkjennast plassert slik det går fram av situasjonsplan datert 30.04.2021. Sjølve minireinseanlegget vert plassert innanfor nedslagsfeltet for Ulvatn, avløpsvatn frå anlegget vert ført ut av nedslagsfeltet og vidare til Høljarmyrane.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Aktuelt regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er

motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/3871

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Kjell Atle Ulvatn

Tuftamyra 3 A 5911

ALVERSUND